



DESSE KAN FÅ: Sentrumsområdet innanfor den blå streken er dei som dei som kan nytta seg av det nye TV-tilbodet.

TOVEGSKOMMUNIKASJON: – Det unike med TV-tilbodet frå NextGenTel er tovegskommunikasjonen, seier Tore Nyhammer.

# Byggjer ut digitalt kabel-TV for sentrumsområdet

**NextGenTel har bestemt seg for å byggja ut digitalt TV-tilbod på Voss. 3.000 husstandar på og nær Vangen får i sommar eit nytt og interessant tilbod med kabel-TV over telefonkabelen.**

Satsinga på kabel-TV inneber mellom anna den synlege konsekvensen at ein kan sleppa parabolantennar ute på husveggane.

– Men tovegskommunikasjonen mellom sjåarane og selskapet er det unike med dette tilbodet, seier Tore Nyhammer, salsdirektør i NextGenTel til «Hordaland».

## 80 TV-kanalar

Med TV-tilbodet som dei lanserer på Voss vil dei levera 80 TV-kanalar, av dei mange HD-kanalar. Dei tilbyr TV-kanalar frå mellom anna Viasat og Canal+. Løysinga inneber i tillegg filmbutikk med over 3.000

filmjar og seriar tilgjengelege.

I tillegg får sjåarane fleire finesser som mange vil synast er interessante. Mellom anna kan systemet ta opp program som du ikkje får sett eller blir avbroten i.

Og dersom du har Canal+ gjennom systemet, kan du når som helst velja å sjå kva som helst program dei har hatt på sendemenyen siste veka, gjennom Canal+ Select.

– Slik det fungerer i dag, er det mange Canal+-sjåarar som berre får sett siste delen av filmjar. Med dette systemet – som også er under utarbeiding for andre TV-kanalar – kan du sjå heile filmen i ro og mak

når det passar deg, illustrerer Nyhammer.

## Filmbutikk

Dessutan kan du kjøpa filmjar digitalt – i staden for å kjøpa dvd-ar som støvar ned i hyllene. Pr i dag har dei 3000 filmjar og seriar, og her kjem det stadig nytt. I tillegg kjem det stadig inn eldre filmjar, til dømes gamle, gode norske filmjar.

– Me får dei fleste nye filmene tilgjengelege i vår filmbutikk samtidig som dei kjem på dvd, fortel Nyhammer, og viser t.d. Sherlock Holmes..

– Alt dette kan du ordna med fjernkontrollen medan du sit i sofaen. Leigeprisen kjem på neste faktura.

## 400.000 i Norden

Salsarbeidet er alt i gang i vossaom-

rådet, og truleg midt i juli vil NextGenTel levera TV til dei første kundane på Voss.

Dei tekniske løysingane som dei nyttar seg av, er velprøvde og svært robuste. Signala går i ein stor fiberkabel frå Bergen til Voss, og derfrå frå ein sentral i Skulegata og ut til kundane. Det er ikkje nødvendig med noko graving for å formidla signala ut.

Systemet dei brukar har i dag over 400.000 brukarar i Norden, og er bygd ut i bymessige område i Noreg og Sverige. I Bergen, Oslo og Stockholm har selskapet ei rekkje kundar.

I tillegg til å formidla TV-kanalar, får du telefoniløysingar og internett gjennom same systemet frå same leverandoren. Nyhammer trur prisen er høgst konkurransedyktige samanlikna med eitt abonnement

for TV, eitt for internett og eitt for telefon, slik mange har i dag.

## Skulestadmo neste

Denne gongen er det sentrumsområdet som får tilbodet. Men ønsket er også å byggja ut i Skulestadmo.

– Når det kjem, vågar eg ikkje å seia, men det er det neste i løypa, avhengig av korleis me lukkast med dette, seier Nyhammer.

– Kva med Premier League-kampane?

– Me er i forhandlingar om overføring av TV2 Premier League-kanalane, og håpar å koma i mål, seier Tore Nyhammer.

GEIR GEITLE | tekst  
VIDAR HERRE | foto  
redaksjon@avisa-h.no

## Syskenparet i betring

**VOSS: Syskenparet som køyrde motorsykkelen som sundag for vel ei veka sidan kolliderte med ein bil i Skulestadmo er i betring.**

Tilstanden for dei to på motorsykkelen vart fleire dagar etter ulukka

sett på som alvorleg av legar ved Voss sjukehus.

## Fleire operasjonar

Dei to har no vore igjennom fleire operasjonar, og tilstanden deira er god, får «Hordaland» opplyst frå familien.

Dei nykjer førebels ikkje å seia så mykje meir om hendinga eller tilstanden til syskenparet.

## På feil side

Ulukka skjedde på E 16 i Skulestadmoen.

– Ein bil som kom i retning Vang-

en kom, i fylgje vitne, over i feil køyrebane og kolliderte med den motande motorsykkelen. Begge dei to på motorsykkelen vart kasta av og hanna fleire meter frå kollisjonsstaden, fortalde politibetjent Jon Olav Heggseth ved Voss lensmannskontor etter ulukka.

Det var to personar på motorsykkelen og to i bilen.

Alle fire vart sende til sjukehus etter ulukka.

FRODE RENE | tekst  
fr@avisa-hordaland.no